



**Skal stemme.** Vilde Sofie Einan (f.v.), Liv Aarebakk, Ane Hemmestad Sunde og Niri Frideson Lyngdal i 10. klasse på Bø ungdomsskule skal alle stemme, men om det blir ja eller nei, veit dei enno ikkje sikkert. Foto: Gro Birgitte Røiland

mune blir tent inn att på effektivisering. Eg trur også dei tre kommunane vil gå godt saman, seier Martin Johnsrud.

#### Lite informasjon

Trass i at mange elevar ved Bø vidaregåande skule kan vera med på å avgjera spørsmålet om kommunesamanslåing, er ikkje dette eit tema mange snakkar om på skulen. Denne veka har ordførar Olav Kasland besøkt skulen for å informere elevar.

Ungdomane Bø blad har prata med ynskjer seg besøk av ordførarane både frå Bø, Sauherad og Nome.

– Me har til nå ikkje prata om kommunesamanslåing på

skulen i det heile tatt, og det er ikkje alle som veit at dei kan stemme. Ein må ta veldig initiativ sjølv for å sette seg inn i saka, seier Andreas.

– Når dei gjer det mogleg for oss å stemme, blir det feil viss ein ikkje veit kva ein stemmer over. Ordførarane frå dei tre kommunane burde kome hit, men me bør også få informasjon frå nokon som er imot samanslåing. Det viktigaste er objektiv informasjon, seier Martin Johnsrud.

– Og alle bør bli bevisstgjort på at me kan stemme, seier Fanny.

## Ulike haldningar blant yngre

**I Bø og Sauherad er dei yngste mest positive til kommunesamanslåing i Midt-Telemark, mens det i Nome er tvert om.**

*Gro Birgitte Røiland*

*gro@boblad.no*

I ei meiningsmåling utført på oppdrag av Bø blad og Kanalen viser det seg at av dei 86 spurde bøheringane under 30 år, er 49 prosent for kommunesamanslåing, 26 prosent er mot, mens 26 prosent seier at dei ikkje veit.

I Nome er skepsisen til kom-

munesamanslåing langt større blant innbyggjarar under 30 år. Av dei 75 spurde personane under 30 år, svarar 55 prosent at dei er mot kommunesamanslåing mellom Bø, Nome og Sauherad, mens 31 prosent er for. Fjorten prosent svarar veit ikkje.

Stemminga for ein felles kommune i Midt-Telemark er ifylgje undersøkinga svært positiv blant unge under 30 år i Sauherad. På spørsmål om dei er for ei samanslåing av kommunane Nome, Bø og Sauherad, svarar 76 prosent av dei 52 spurde at dei er for. Femten prosent seier dei er mot og ni prosent veit ikkje.

#### Oppmøte

Det er i den yngste aldersgruppa valdeltakinga kan bli minst. Dette er likt for både Bø og Nome. Sauherad skal som kjend ikkje ha folkeavstemming.

I Bø svarar 61 prosent av dei 86 spurde under 30 år at dei skal stemme. Sytten prosent seier dei ikkje skal stemme, mens 22 prosent ikkje har bestemt seg ennå.

I Nome svarar 78 prosent av dei 75 spurde under 30 år at dei skal stemme. Atten prosent seier at dei ikkje skal stemme, mens fire prosent veit ikkje.